


Årsmelding 2022

Sekretariatstenester for kontrollutvala i kommunane
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Voss



Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Rammene for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid	3
2.1	Sekretariatet si rolle	4
3	Organisering og økonomi.....	5
3.1	Rekneskap sekretariattenesta 2022	5
3.2	Tilsette med oppgåver i kontrollutvalssekretariatet i 2022	6
3.3	Medlemskap i kompetanseorganisasjonar.....	6
4	Aktivitet og oppfølging i 2022	7
4.1	Møteverksemd, saker og tidsbruk.....	7
4.2	Årshjul.....	9
4.3	Møteplan	9
4.4	Om sekretariatet sitt arbeid	11
4.5	Sekretariatet sine oppgåver	12
4.5.1	Møteførebuing	12
4.5.2	Koordinering med revisjonen.....	12
4.5.3	Bestillingar frå administrasjonen	12
4.5.4	Handsaming av henvendingar og uplanlagde saker.....	12
4.5.5	Evaluering og utviklingsarbeid	12
4.5.6	Kurs og fagleg samling.....	12
4.5.7	Publisering av innkalling, sakspapir og protokoll	13
5	Avsluttande kommentarar	13

1 Innleiing

Region Nordhordland IKS (RNI) tek i vare sekretariatsoppgåvene for kontrollutvala i seks av eigarkommunane; Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. I inneverande valperiode har RNI også avtale med Voss herad om sekretariatsfunksjonen for Voss kontrollutval etter ein tilbodskonkurranse.

Kontrollutvalet er eit lovpålagt utval for alle kommunar. Kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid er knytt til førearbeid, gjennomføring og etterarbeid i samband med møte i kontrollutvala.

2 Rammene for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid

Kontrollutvalet si verksemd, herunder sekretariatet sine oppgåver, er definert kapittel 23 i kommunelova, samt i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet skal utføre ein del av kommunen sin eigenkontroll gjennom å føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. I tillegg er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.



2.1 Sekretariatet si rolle

Sekretariatet skal vere uavhengig i høve kommunen sin administrasjon og kommunen sin revisor. Oppgåva til sekretariatet er å administrere og legge til rette for at kontrollutvala i kommunane får utført sine oppgåver. Sekretariatet gjer dette mellom anna gjennom sakshandsaming, saksutgreiing, rådgjeving, koordinering og tilrettelegging for gjennomføring av møte.

Sekretariatet er slik sett kontrollutvalet sin administrasjon og har som hovudoppgåve å sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg og objektivt utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Sekretariatet er direkte underlagt kontrollutvalet.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 23-7 handlar om krava til sekretariatet for kontrollutvalet:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillir utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a. ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget*
- b. den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen*
- c. medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.*

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

I forskrift om kontrollutval og revisjon beskriv § 7 sekretariatet sine oppgåver:

Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.

3 Organisering og økonomi

Kontrollutvalssekretariat kan organiserast på ulike måtar. I Nordhordland har kommunane (med unntak av Gulen og Vaksdal) sidan ordninga med uavhengig sekretariat starta i 2005, vald å løyse oppgåva gjennom RNI. Dette er ei av fleire oppgåver RNI utfører for eigarkommunane.

Sekretariatsoppgåvene har til og med 2022, utgjort om lag 0,6 årsverk til saman for dei sju kommunane, og kostnadsfordelinga føl ein avtale basert på ein fordelingsnøkkel.

Arbeidsmengda i kontrollutvala har auka jamt etter sekretariatordninga vart innført,¹ og i dei seinare åra har det føregått ei profesjonalisering innafor sekretariata.² Det har elles vore ei utvikling gjennom dei siste åra at fleire komplekse saker har kravd meir utgreiingsarbeid av sekretariatet.

På bakgrunn av auka arbeidsmengd, og skjerpa krav til drifta, vert det gjort ei justering i 2023 som legg opp til at sekretariattenestene krev ca. eitt fullt årsverk, i hovudsak fordelt på to tilsette.³

3.1 Rekneskap sekretariattenesta 2022

Tabell 1 viser kostnadsfordeling for eigarkommunane i RNI

Kommune	Rekneskap totalt 2022	Fast del 2022	Etter folketal	Folketal 01.01.2022
4629 Modalen	kr 61 759	kr 60 000	kr 2 367	378
4630 Osterøy	kr 97 832	kr 60 000	kr 50 911	8 131
4631 Alver	kr 197 691	kr 60 000	kr 185 291	29 593
4632 Austrheim	kr 73 442	kr 60 000	kr 18 089	2 889
4633 Fedje	kr 62 336	kr 60 000	kr 3 143	502
4634 Masfjorden	kr 67 579	kr 60 000	kr 10 200	1 629
Totalsum	kr 560 639	kr 360 000	kr 270 000	43 122

¹ Jamfør blant anna Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin organisasjonsdatabase 2020/2021, sluttrapport 2021.

² I 2014 gjennomførte Deloitte ei evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat der dei tilrådde tydelegare nasjonale føringar som konkretiserer innhaldet i sekretariatet sine oppgåver. Etter dette er det kome til fleire lovkrav og fleire rettleiarar knytt til kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid og drift.

³ I andre sekretariat er det vanleg at ein tilsett føl opp 4-6 kontrollutval på ei fulltidstilling (for kommunar på tilsvarande storleik som dei i RNI sitt område).

Merknader til rekneskapen:

1. I 2022 vart Alver kontrollutval fakturert kr. 50 000,- ekstra for ekstra arbeid knytt til ei granskings sak.
2. Voss herad vart i tillegg fakturert kr. 236 685,- for kontrollutvals sekretariat i 2022. Avtalen er timebasert.

Den totale inntekta RNI hadde knytt til kontrollutvals sekretariats arbeid var difor **kr. 847 324,-** i 2022.

3.2 Tilsette med oppgåver i kontrollutvals sekretariatet i 2022

Tonje Husum Aarland, som har hatt hovudansvar for å følgje opp sekretariats oppgåvene gjennom fleire år, hadde siste arbeidsdag i RNI 18.02.2022. Trude Bruket vart tilsett i november 2021 og tok over hovudansvar for sekretariats oppgåvene for alle kommunane frå januar 2022. I juni 2022 vart Torbjørg Grøttveit Gjerstad tilsett. Frå hausten 2022 tok ho over som fast sekretær for tre av utvala. Fordelinga etter dette har vore slik:

Kontrollutvals sekretær for Alver, Fedje, Osterøy og Voss har vore Trude Bruket.

Kontrollutvals sekretær for Austrheim, Masfjorden og Modalen har frå hausten 2022 vore Torbjørg Grøttveit Gjerstad. (Trude Bruket hadde ansvaret fram til hausten 2022.)

I tillegg gjev Bent Gunnar Næss noko administrativ støtte og råd der det er naudsynt.

Dei tilsette deltek jamleg på aktuelle kurs og konferansar.

3.3 Medlemskap i kompetanseorganisasjonar

Sekretariatet er medlem av NKRF (ein fagleg interesseorganisasjon og eit kompetanseorgan for kontroll og revisjon av kommunal/offentleg verksemd) og frå slutten av 2022 også i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Begge organisasjonane driv eit utstrekt kompetanseutviklings arbeid, delvis i fellesskap. Begge har utvikla ei rekkje rettleiarar for sekretariatet og kontrollutvalet sitt arbeid, og tilbyr konferansar, fagsamlingar og kurs.

4 Aktivitet og oppfølging i 2022

Sekretariatet har kontakt med kvar enkelt kontrollutvalsleiarar før og etter møter for å sikre eigarskap og god dialog kring sakslister og gjennomføring av kontrollutvalsmøte.

For informasjon om kva saker kvart enkelt kontrollutval handsama i 2022 viser me vidare til kontrollutvala sine årsmeldingar.

4.1 Møteverksemd, saker og tidsbruk

Tabell 2 viser ei oversikt over tal møte og saker i kontrollutvala i løpet av 2022, 2021 og 2020:

Årstal – tal møte – tal saker	Alver	Austrheim	Fedje	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Voss	Totalt
2022 - tal møte	9*	5	4	5	5	5	5	38
2022 - tal saker totalt	82	62	59	58	63	56	68	448
2022 - tal saker (eks. formalia, faste saker mm)	51	32	36	28	33	29	41	250
2021 - tal møte	6	5	4	5	4	5	5	34
2021 - tal saker**	68	53	46	54	44	57	51	373
2020 - tal møte	7	5	5	5	4	6	7	39
2020 - tal saker**	85	53	50	51	50	68	68	425

Merknader:

**Alver kontrollutval sette opp tre ekstra møte hausten 2022 på grunn av granskingsaka og to andre bestillingar frå kommunestyret.*

***Merk at det for 2020 og 2021 kun er tal for saker inklusive formaliasaker og faste meldings- og orienteringssaker. For dei fleste utvala er det normalt 6 slike faste saker i kvart møte (5 i Alver).*

Tabell 3 gir oversikt over rekna timeforbruk i 2022, 2021 og 2020:

Oversikt timebruk totalt	Alver	Austrheim	Fedje	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Voss	Felles planlegging*	Totalt
2022 - timar	348	150	90	124	111	112	202	519	1656
2022 - timar (inkl. fellestid)	422	224	164	198	185	186	276	0	1655
2022 - % (eks. fellestid)	21,0 %	9,0 %	5,4 %	7,5 %	6,7 %	6,8 %	31,3 %	31,3 %	100,0 %
2021 - timar	202	73	75	70	41	74	121	373	842
2021 - %	27 %	11 %	12 %	11 %	8 %	12 %	17 %		100 %
2020 - timar	207	94	93	103	80	123	217	326	1243
2020 - %	22	10	10	11	9	13	24		100


Merknader:

*Timar brukt til felles planlegging, kurs, administrativt, m.m. som gjeldt alle kontrollutvala. Fordelast likt på alle sju.

** 100% av total ressurs, som er rekna til 0,6 årsverk. Timetalet oversteig denne ressursen i 2022 og 2020.

4.2 Årshjul

Figur 1 viser årshjulet for sekretariatet si oppfølging av kontrollutvalsarbeidet. Sakene vert tilpassa i dialog med kontrollutvalet. Årshjulet vart oppdatert i januar 2022.



4.3 Møteplan

Sekretariatet utarbeider framlegg til møteplan med ein årsplan der alle dei lovpålagde og planlagde sakene er lagt inn. Denne vert vidare brukt som hugseliste, og saker som dukkar opp gjennom året vert lagt til etter kvart.

Leiar avgjer kva saker som skal på kvart enkelt møte, men fleire av dei faste sakene kjem på faste møter gjennom året.

Tabell 4 viser eksempel på ein slik møteplan/årsplan for 2022:

2. feb.	Rapport/orientering om interimrevisjon 2021 Rapport eigarskapskontroll Status for årsrekneskapen 2021 – orientering Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 – vidare prosess/bestille prosjektplan Årsmelding kontrollutvalet Orientering om oppvekst og kultur – organisering, internkontroll og utviklingsprosjekt Årsmelding kontrollutvalssekretariatet - orienteringssak Budsjettedtak kontrollutvalsarbeidet - orientering Kontrollutvalet årsplan/møteplan
27. april	Årsrekneskap og årsmelding – Uttale frå kontrollutvalet (utsett) Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2023 Oppfølging av evaluering med drøfting
1. juni	Utsett: Årsrekneskap og årsmelding – Uttale frå kontrollutvalet Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021 Handsame bestilling forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg Orientering om eventuelle kommande eksterne tilsynsrapportar Oppdatere møteplan for hausten ved behov
21. sep.	Oppfølging av evaluering med drøfting saman med ordførar og kommunedirektør Prosjektplan: forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg Overordna revisjonsstrategi 2022 Revisor sin uavhengighet Handtering av innkomne saker (henvendingar) – rettleiar og drøfting Oppvekst og kultur – oppfølging med meir spissa orientering Orientering om tiltak som er gjort etter tilrådingar i forvaltningsrevisjon PPT og spesialundervisning frå februar 2020 Orientering om Statsforvaltaren sin rapport om spesialundervisning/dokumentettersyn. Orientering om budsjettprosess – med fokus på tiltak som er gjort for å betra budsjettarbeidet (i høve årsmelding/orientering om årsrekneskapen 2021) Gjennomføring av møte i kontrollutvalet – fysiske møte, fjernmøte eller hybridmøte jf. reglement.
30. nov.	Statusrapportering: forvaltningsrevisjonsprosjekt Status om oppfølging av tilrådingane i «Rapport eigarskapskontroll» Orientering om oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontroll med tema sjukelønsrefusjonar 2021 Møteplan/årsplan for 2023 Rekneskap: Oppfølging av punkt i revisjonsrapport Orientering om Statsforvaltaren sin rapport om spesialundervisning/dokumentettersyn. Orientering om aktuelle kurs

Årsplan 2022 for Austrheim kontrollutval

I tillegg handsamar kontrollutvalet meldingssaker, får orienteringar om aktuelle tema i kommunen frå ordførar og kommunedirektør, orienterer kvarandre om aktuelle saker frå kommunestyret og andre politiske utval i så godt som alle møte.

4.4 Om sekretariatet sitt arbeid

Det er i hovudsak kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon som legg føringar for arbeidet til kontrollutvalet, og dermed sekretariatet. [Kontrollutvalsboka](#), utgitt av Kommunal- og distriktsdepartementet, syner godt arbeidet som ligg til kontrollutvalet og sekretariatet.

Dei faste sakene gjennom eit år omfattar å lage framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, å halda seg løpande orientert om rekneskapsrevisjon og økonomiforvaltninga, samt å gje uttale til årsrekneskapan og årsmeldinga før kommunestyret handsamar dette, bestille og følge opp forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, innstille til val av revisor og revisjonsordning (herunder gjennomføre innkjøpsprosess for dei kommunane som kjøper revisjonstenester i marknaden), og sjå til at revisjonen gjer den jobben dei er sett til. Kontrollutvalet skal også orientere seg om tilsyn i regi av andre statlege mynde.

Ansvaret til kontrollutvalet følger av kommunelova §23-2 første ledd:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»*

Gjennom året kjem det også ein del saker og innspel på sekretariatet sitt bord, som sekretariatet må gjere ei fagleg vurdering av om er relevante for kontrollutvalet. I tillegg kan det vere innkjøpsprosessar i regi av kontrollutvala (som til dømes revisjonstenester i Alver eller kjøp av juridiske tenester for mindre undersøkingar). Dette arbeidet kan tidvis vere krevjande og omfattande.

4.5 Sekretariatet sine oppgåver

4.5.1 Møteførebuing

Sekretariatet førebur møta og lagar innkalling og saksutgreiingar, er med som sekretær og rådgjevar til kontrollutvalet i gjennomføringa av møta og fører protokoll. I etterkant av møta sørgjer sekretariatet for at kontrollutvalet sin protokoll vert distribuert og at vedtak vert følgd opp. Sekretariatet gjennomfører også praktisk tilrettelegging av kontrollutvalsmøta, som bestilling av møterom og bevertning.

4.5.2 Koordinering med revisjonen

Sekretariatet koordinerer med revisor med omsyn til deira deltaking i møte. Rekneskapsrevisor og/eller forvaltningsrevisor deltek i så godt som alle møte. Dei legg til dømes fram rapportar som er knytt til dei aktuelle sakene som vert handsama i utvalet, eller er bedne om å rådgje og delta i bestillingsdialogar med kontrollutvalet. I tillegg legg dei fram formaliasaker som skal gje kontrollutvalet høve til å sjå til at revisor gjer jobben sin og at kommunen vert forsvarleg revidert og kontrollert.

4.5.3 Bestillingar frå administrasjonen

Sekretariatet bestiller også orienteringar hos kommunedirektøren til dei fleste møta. Dette er viktig for at kontrollutvalet skal få tilgang til informasjon om den kommunale drifta som er naudsynt for at dei skal kunne utføre rolla si.

4.5.4 Handsaming av henvendingar og uplanlagde saker

Ut over dei faste sakene som er nemnd i kommunelova og forskrifta, kan kontrollutvalet handsame andre kontroll saker. I kontrollutvalsboka, kapittel 4 «Arbeidet til kontrollutvalet» står dette i eitt av dei åtte punkta i oppsummeringa:

Kontrollutvalssaker er meir enn revisjonssaker. Kontrollutvalet må ta opp saker på eige initiativ og aktivt søkje innspel til saker som utvalet bør handsame.

Det er stor skilnad på kor mange slike ikkje planlagde saker kvart kontrollutval får innspel om, eller tek opp på eige initiativ. I dei største kommunane kjem det flest henvendingar, men også utval i små kommunar er aktive med omsyn til å bringa opp saker. Alle utvala bidreg til at saker som ikkje er lovpålagde vert tekne opp, ofte gjennom at kommunedirektøren vert beden om å gje orientering om eit tema/ei sak. Som regel har sekretariatet dialog med leiar om ei sak skal opp som sak eller meldings sak. Det er kontrollutvalsleiar som avgjer kva saker som skal på saklista.

Etter at FKT i 2022 kom med ein [retteleiar om handtering av henvendingar til kontrollutvalet](#) har alle kontrollutvala vedteke å nytta den, samt vedteke ei lokal retningsline for sakshandsaming av henvendingar basert på denne. Sekretariatet rådgir ofte dei som henvender seg til kontrollutvalet om kva som er rette instans for henvendinga, som til dømes å vise vidare til rette klageinstans.

4.5.5 Evaluering og utviklingsarbeid

I 2022 har alle kontrollutvala arbeidd med oppfølging av ei internevaluering midtvegs i perioden, som sekretariatet gjennomførte i overgangen 2021/2022.

4.5.6 Kurs og fagleg samling

Sekretariatet gjennomførte ei fagleg samling for dei sju kontrollutvalsleiarane 18.1.2022. Denne måtte gjennomførast digitalt på grunn av smittevernrestriksjonar kring covi-19-pandemien.

Sekretariatet bidreg elles med uformell opplæring av kontrollutvala i samband med handsaming av saker i møte.

4.5.7 Publisering av innkalling, sakspapir og protokoll

Oppgåvene til sekretariatet omfattar også arkivering, journalføring og publisering av sakene i kontrollutvalet, møteprotokollar og korrespondanse.

Innkalling med sakspapir vert sendt via e-post med vedlegg i PDF til medlem i kontrollutvalet, ordførar og kommunen sin revisor,⁴ med kopi til vararepresentantar til kontrollutvalet, kommunedirektør, postmottaket, og andre etter avtale med kontrollutvalet (lokalmedia).

Sekretariatet har ansvar for å opprette eit eige arkiv eller ein eigen arkivdel, som tilfredsstillar krava i arkivlova med forskrifter, for kvart enkelt kontrollutval.⁵

Kontrollutvalssekretariatet arkiverer i saks- og arkivsystemet Acos WebSak+, men har per i dag ikkje eigne arkivdelar for kvart utval, nyttar sakshandsamingssystemet eller har tilgang til møtemodulen i systemet. Sekretariatet publiserer difor ikkje sjølve sakspapira på nett og i politikarportal, men har avtalar med politisk sekretariat i kvar kommune som publiserer møteplan, innkalling og sakspapir i kommunen sitt innsynssystem/politikarportal etter å ha fått dette sendt over frå kontrollutvalssekretær. Det er god dialog mellom sekretariatet og dei som utfører denne oppgåva for kommunane.

For Voss kontrollutval arbeider sekretariatet i eigen arkivdel i Voss herad sitt arkiv, og publiserer møteplan og saker der.

I samband med oppstarta innkjøpsprosess for nytt arkiv- og sakssystem for kommunane i RNI sitt IKT-samarbeid, er det mål om at sekretariatet skal få på plass fullverdig arkiv- og sakshandsamingssystem som også gir tilgang til møtemodul og direkte publisering på nett.

5 Avsluttande kommentarar

Årsmeldinga for 2022 er utarbeida for å gje utfyllande informasjon til eigarar og styret om kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid.

Sekretariatet etterstrevar å ha god dialog med ordførarar, kommunedirektør og andre kontaktpersonar i kommuneadministrasjonen, og dei revisjonsselskapa me arbeider med (Vestlandsrevisjon IKS og KPMG).

Sekretariatet vil takke for samarbeidet og god dialog med kontrollutval, kommunestyra, administrasjonane og revisjonane i året som er gått.

⁴ Jamfør [§ 6 i forskrift om kontrollutval og revisjon](#) skal desse ha innkalling til kontrollutvalet sine møte.

⁵ Ansvaret for arkivet skal ikkje liggja til kommunedirektøren fordi sekretariatsfunksjonen ikkje ligg under kommunedirektøren sitt myndeområde.